



ETNE KOMMUNE
Sjoarvegen 2
5590 ETNE

Dato: 04.01.2018

Vår ref.: 2017/17131-3

Saksbehandlar: tonhaug

Dykkar ref.:

Att. Liv Kari Bødtker

Innspel til planprogram Kulturplan og Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Etne kommune

Hordaland fylkeskommune takker for høvet til å kome med innspel til planprogrammet for to kommunale planar: Kulturplan, og Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Etne kommune. Vi har følgjande merknader:

Kommunal planlegging på kultur- og idrettsfeltet i Etne

Det er svært positivt at Etne kommune prioriterer arbeidet med å lage planar for kultur- og idrettsfeltet. Planarbeidet er viktig for å gjøre feltet relevant og synleg i kommunepolitikken, og å gjøre kulturpolitikken til ein sentral del av kommunen sitt samla politiske med å skape gode, attraktive og berekraftige lokalsamfunn for innbyggjarane. Slik ser Hordaland fylkeskommune at førebuinga av planprogramma kan tene som førebilete for andre kommunar.

Dei to planprogramma på høyring er del av prosess heimla i planlovsystemet, jf plan- og bygningslova § 4-1. Det er Hordaland fylkeskommune si erfaring at ein bør gjennomføre slike planar som kommunedelplaner med heimel i plan- og bygningslova. Dei lovpålagde planprosessane legg opp til brei medverknad og offentleg høyring før politisk handsaming i kommunen sine folkevalde organ. Vedtekne kommunedelplanar er styrande for kommunal sakshandsaming og gjev tydelege føringar i eigne politiske prosesser, mellom anna i handteringa av dei økonomiske følgjene av planane. Dei vil også vere retningsgjevande for andre offentlege organ, td fylkeskommune og stat.

Andre plantypar, td sektorplanar eller strategiplanar, er ikkje heimla i planloven på same vis og vil difor i mindre grad vere eigna til brei offentleg styring. Det er elles positivt at det vert vist til kulturlova og det kommunale ansvaret som følger av denne.

Begge planane er godt forankra i samfunnsdelen i vedteken kommuneplan og strukturen i planprogramma er ryddig. Intensjonen om å knyte gjennomføringa av dei komande planane til kommunen sine budsjett er god. At det følger økonomi med kommunale planar vil styrke gjennomføringa av handlings- og tiltaksprogram i planane.

Det er positivt at Etne kommune vil bruke folkemøte og samarbeid med kultur- og idrettsaktørane for å presentere og få innspel til planane. Dette vil skape medverknad og styrke innbyggjarane sin eigarskap til planane.

Utkast planprogram Kulturplan. Merknader

Namn og planperiode

Me vil rå til at ein gjer tydeleg at dette gjeld ein kommunedelplan heimla i planloven og difor nyttar nemninga kommunedelplan samstundes som ein viser planperioden si avgrensing, td «Kommunedelplan for kultur 2018-2028. Etne kommune».

Ang. pkt 3. Organisering

Det frivillige kulturlivet er viktig i planen. Difor vil vi oppmode kommunen til å sjå om ein kan trekke inn representasjon frå dette også i arbeidsgruppa.

Vi vil også oppmode til å bruke regionale organisasjonar t.d. på det profesjonelle kunstfeltet som referansegrupper/-partnerar. Organisasjonar som Brak, Norsk forfattersentrum Vestlandet, Vestnorsk jazzsenter, Hordaland kunstsenter mv har eit kompetanse- og nettverksoppdrag for heile fylket. På same vis vil Sunnhordland museum vere ein ressurs der planen skal drøfte formidlinga av Etne si historie.

Ang. pkt 4 Område som skal behandlast i Kulturplanen

Fylkeskommunen ser det som viktig at kommunar har ein medvite politikk for det profesjonelle kunstfeltet og kunstnarar. Etne kommune bør vurdere å gjere dette feltet til ein noko tydelegare del av planarbeidet.

Kunstpolitikk handlar både om å utvikle gode vilkår for profesjonelle kunstnarar som kan arbeide og bu i ein kommune, og å utvikle strategiar for korleis innbyggjarane skal kunne oppleve og møte kunst.

Ang. pkt. 9 Føringar for planarbeidet

Følgjande regionale planar bør vere med under punktet *Regionale føringar:*

Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 Premiss : kultur

Regional plan for folkehelse - Fleire gode leveår for alle

Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel

Utkast planprogram for plan idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Merknader

Kulturdepartementet set følgjande krav i *Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2017*, punkt 2.2.7: Det er eit vilkår for å kunne søke om spelemidlar at anlegget er ein del av ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet.

Utkastet til planprogram er eit godt grunnlag for den komande planen. Det er grundig utarbeidd og Hordaland fylkeskommune er svært positiv til det arbeidet kommunen legg opp til. Særleg er fokus på medverknad godt ivaretake. Tabellen i kapittel 6, der ein bed om innspel frå innbyggjarane på konkrete spørsmål, er ein god modell som fylkesrådmannen ser føre seg kan ha overføringsverdi til andre kommunar.

Hordaland fylkeskommunen vil gjerne gje ros for innhaldet i kapittel 6, der frivillighet, folkehelse og aktivitetstrendar nemnast som nøkkelord. Kommunen viser vilje til utvikling og har eit særleg fokus på barn og unge.

I kapittel 7 om planprosessen, oppmodar Hordaland fylkeskommune til at referansegruppa kan vere sett saman av Idrettsrådet, Friluftsrådet Vest og Haugesund turistforening.

Om føringar i kapittel 8 saknar vi Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2016 – 2020.

I tillegg er det ønskjeleg med godt kartmateriale i planen. Dette gjeld både i høve anlegg som har fått spelemidlar, men også friluftslivsområder.

Me vil ynskje Etne kommune lukke til i det vidare arbeidet med to viktige planar.

Med venleg helsing,

Per Morten Ekerhovd
kst fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld og Ronny Skaar
seksjonsleiarar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Etne kommune, kultur